



Alver kommune
plan- og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/105 - 21/4652

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
21.01.2021

Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon for bygging av hus på GBNR 305/83

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av bustad frå planføre mål LNF-område i kommunedelplanen for Meland på gbnr 305/83 Fløksand i Alver kommune. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som LNF-føremål.

Tomten vart frådelt til byggeformål i 1960. For allereie frådelt tomtear gjeld ikkje jordlova sine reglar om omdisponering og deling, og søknaden treng difor ikkje handsaming etter jordlova.

Gardskart syner at arealet er registrert som skog, med ei smal stripe innmarksbeite mot vest. Plassering av tomten mellom fire andre tomtear, veg mot nordvest og 20 meter grensar mot innmarksbeite i sørøst. Det er eksisterande infrastruktur som kan nyttast og det ligg soleis godt til rette for fortetting ved at det vert bygd på desse tomteane.



Figur 1: Gardskart som syner markslag og plassering mellom andre tomtear

Innmarksbeite som grensar til tomten har vore i bruk som beite for villsau i mange år, og landbruksavdelinga har ikkje registrert at det har vore konflikhtar mellom bustadinteresse og landbruksdrifta tidlegare. Det er sauebeiting over tid som har skapt det fine kulturlandskapet som er her, og pårekeleg drift i framtida er at denne bruken heldt fram. Bygging på den omsøkte tomten vil ikkje skapa problem for landbruksdrifta, men det bør liggja føre avtale om gjerdeplikt rundt tomten.

Dette området på Fløksand har eit verdifullt kulturmiljø med både gamle og nye bygg, og det er difor gledeleg at søkjar har planlagt eit bygg som passar godt inn i dette miljøet. Det er positivt at grindabygget og den gamle jordkjellaren vert teke vare på og at jorda kan nyttast til dyrking av grønsaker.

Landbruksavdelinga, byggesak og søkjar var på synfaring på tomten i 2020, og kan stadfesta at det ikkje såg ut som at arealet har vore i bruk til friluftsføremål av allmenta. Det gjekk ingen stiar over arealet og det var heller ikkje råd å koma seg frå vegen og inn på tomten utan å klatra over gjerde.

Landbruksavdelinga vil rå til at det vert gjeve dispensasjon.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune